# Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

Gunn Siren Areklett
Synningavegen 25
5259 Hjellestad

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Jan Kvingedal | 26.09.2023 |
| Vår: 23/660 - 23/6296 | jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no | |

# Melding om delegert vedtak - Søknad om oppretting av grunneigedom ved innløysing av festetomt - gbfnr 16/1/1

Me syner til søknad motteke 29.06.23 og supplerande opplysningar 03.07.23

**Administrativt vedtak. Saknr: 090/2023**
**Tiltakshavar:** Knut Audun Areklett
**Søknadstype:** Søknad om løyve til oppretting av grunneigedom etter plan og bygningslova (pbl.) § 20-1

**VEDTAK:**
**Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 m) løyve til oppretting av grunneigedom til bustadføremål. Søknaden gjeld innløysing av gbnr. 16/1, festenummer 1, med eit areal på ca. 865 m2.**

**Grunngjeving: Arealet vert innløyst etter reglane i tomtefestelova § 32. Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistering jf. §21-9.**

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Oppmåling**
Når klagefristen er ute vert saka oversendt avdeling for kart- og oppmåling for vidare handsaming. Sakshandsamingsfristen er 16 veker., jf. matrikkelforskrifta §18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og evt. supplering av opplysningar frå rekvirent. Kommunestyret har vedteke at tida Side

2 22/982 - 2 01.12-31.03 er vintersesong. Kommunen og rekvirent kan avtale lengre frist, men ikkje lenger enn 2 år. Jf. matrikkellova §35.

**Gebyr**
Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

| Kode | Skildring | Tal | Sum |
|---|---|---|---|
| 11.1.1 | Oppretting av ny eigedom | 1 | 2.600,- |
| | Totalt gebyr å betala | | 2.600,- |

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

**Klage**
Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

**SAKSUTGREIING:**

**Tiltak**
Saka gjeld søknad om oppretting av grunneigedom ved innløysing av festetomt på gbnr. 16/1.

**Fakta**
Tomta ligg på gbnr 16/1, har feste nr. 1 og vart oppretta i 1949 jf. grunnsetel vedlagt søknad. Det framgår av denne at festar har rett til å innløyse tomta når leigetida er over. Eigedommen er målt til ca. 865 m2. Det står i dag ein bustad på tomta. Det er gjeve rett til veg fram til bustaden over gbnr. 16/1 og fram til offentleg veg. Tomta har eige vassforsyning, det er ikkje vassklosett i bustaden.

**Vurdering**
Det vert vurdert at tomtefeste er lovleg oppretta og at vilkåra for å innløyse festetomta er tilstades. Tiltaket er vurdert å vera lovleg nabovarsla.

**Konklusjon**
Det vert gjeve løyve til innløysing av tomtefeste jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Gunn Siren Areklett, Knut Audun Areklett | Synningavegen 25 | 5259 | Hjellestad |
| Knut Audun Areklett | Areklettvegen 514 | 5986 | Hosteland |